


Viste og Valde

med Dalestugu mm.

gnr. 83, 84, 85, 86

gard og slekt

Av Knut Raastad, mai 2026



Valdegardane og nordgard Viste. Foto frå sygard Valde, Vågå historielags fotoarkiv.

Gnr. 83

Viste nordgard

Nordgard Viste gnr. 83 bnr. 1 ligg i nedre Nordherad. Fram til midt på 1700-talet låg Vistegardane på nåverande oppigard Viste-jordet, ved Andberget. Viste er nemnd frå 1528 da som Viste, Wiiste i 1578, 1594, Wiste 1604, Wiisted 1668 og Widsted 1723.

Skattemanntalet gjengjerden 1528 viser at brukarane på Vistegardane var Thrond Viste, Amund Viste og Steyner Viste, men det er uklårt kven av dei som var her.

Nordgard Viste er i jordebok 1577 og seinare nemnd som fullgard. Landskattelister 1610 og 1611 viser Olluff Viste som brukar.

Frå 1612 og utover viser Landskattelister at brukaren er Anders Viste. Koppskatten 1645 nemner Anders Viste og hans hustru. Skattematrikkel 1647 nemner Viste som fullgard på 3 huder, brukar er Anders Wiste medan eigar er fogd i Søndervigen Madtz Pedersen. Ivar Kleiven nemner at Anders Viste var eldste sonen på nordgard Kleppe, son til Ola Knutsen Kleppe f.ca.1545 d.e.1625.

I jordebok 1661 er det fortsett nemnd 3 huder. Brukar er Oluff Wisteed og eigar er Christen Mogensen. Av manntalet 1666 går det fram at nordgard Viste er rekna som fullgard med skyld 4 huder og engeplass dertil 3 skinn. Engeplassen er Østenteigen i Vårdalen. Etter matrikkelen 1668 eigde oppsitjaren Oluff Viisted 1 hud medan Christen Mogensens barn eigde 3 huder. Oluf Andersen Viste kjøpte i 1681 Viste av skyld 4 huder av Eggert Stockflet. Christen Mogensen var fogd i Gudbrandsdalen 1642-1653, Eggert Stockflet var sonen hans og var prest i Vågå 1667-1681. Det er uklårt samanheng mellom opplysningane om at Oluf Viste eigde 1 hud i 1668 samtidig som han kjøpte alt i 1681. Ole Viste er nemnd som lensmann i 1657. Oluf Andersen Viste f.ca.1616 var gift med Kari Olsdotter, dei hadde sønnene:

Anders f.ca.1661 d.1742, neste brukar

Rolff f.ca.1664

Matrikkelen 1668 viser at nordgard Viste hadde vårseter i Slomba og sommarseter i Salia. I 1742 er nemnd at Jon Svendsen fekk bygsel av Darthus, Slumen og Sahllien.

Skoskatten 1711 nemner Anders Olsen Viste og 4 barn. Anders Olsen Viste 1661-1742 var gift med Ragnhild Larsdotter nigard Kvarberg d.1707, dotter til Lars Jakobsen Kvarberg f.ca.1612 d.1697 og Eli Eriksdtr. Blessum f.ca.1625 d.1696. Anders og Ragnhild hadde 3 barn:

Ole d.før 1739

Eli d.før 1739

Mari, neste brukar

Anders 1661-1742 var gift andre gong med Ingeborg Knutsdtr. Ekle (Lom) f.ca.1676 d.1740, dotter til Knut Johannessen Ekle og Anne Jonsdtr. Anders og Ingeborg hadde 4 barn:

Ingebjørg d.1745, g.m. Lars Trondsen Valbjør 1706-1788. På Valbjør.

Ragnhild f.1716/1718, g.1743.m. Gunder Trondsen Valbjør 1709-1758. På Sandnes og seinare Gaukstad i Lom

Rønnaug f.ca.1719

Ragnhild d.y. f.ca.1720 d.ca.1760, g.m. Siver Andersen nigard Viste f.ca.1697 d.1769. På nigard Viste.

Mari Andersdtr. Viste var gift med Jon Svendsen Mo d.1744/45 son til Svend Bjørnsen Mo f.ca.1636 og Gunhild Arnesdtr. Siem d.1708. Jon Svendsen fekk skjøte frå svigerfaren Anders i 1729 for 600 rd. Etter at Jon døydde vart Mari gift med Johannes Jonsen Einarsvoll 1699-1781, dei var barnlause. Mari og Jon hadde 1 barn:

Gunhild f.ca.1733 d.1814

Gunhild Jonsdtr. Viste 1733-1814, gift 1752 med Hans Iversen Kvarberg n. Lye 1727-1776. Dei hadde 5 barn:

Iver 1757-1805, neste brukar

Mari f.1761, g.m. Knut Johannessen Lyen f.ca.1739 d.1825. På Lye

Anne f.1764, ugift i 1808

Jon f.1767, truleg død i 1812, ugift i 1808

Ola 1770-1808, gift 1802 m. Imbiør Iversdtr. Viste u. f.ca.1774 d.før 1859. På Lunde u.

Iver Hansen Viste 1757-1805, g.m. Ingrid Johannesdtr. Mo 1747-1818, dtr. til Aaste Jonsdtr. Mo f.ca.1711 d.1781 og Johannes Knutsen Storvik s. f.1716. Iver Hansen fekk skjøte frå mora for 1599 rd. i 1788. Iver og Ingrid hadde 4 barn:

Gunhild 1780-1877, g.m. Øystein Ivarsen syg. Valde 1785-1809, så med Johannes Syversen syg. Sandnes 1781-1873. På Sandnes.

Hans 1784-1784

Hans 1785-1812, fraus i hel på Slådalen

Johannes 1788-1858, neste brukar

Johannes Iversen Viste 1789-1858 overtok med skjøte frå mora 4 huder 3 skinn for 1600 rd. i 1812. Johannes var gift med Gunhild Øisteinsdtr. Kvarberg u. 1797-1883, dtr. til Øistein Eriksen Kvarberg 1768-1834 og Imbiør Johannesdtr. Sunde 1770-1856. Johannes og Gunhild hadde 4 barn:

Ivar 1816-1872, neste brukar

Øistein 1819-1820

Ingeborg 1821-1900, g.m. Jakob Johannessen Sandbu n-n 1811-1873. På Sandbu n-n.

Ingrid 1826-1911, g.m. Thor Hansen Valde n. 1834-1916. På Valde og Valdvik.

Ivar Johannessen Viste 1816-1872 var gift med syskenbarnet Berit Eriksdtr. Garmo ø. 1831-1915, dotter til Erik Syversen Garmo 1802-1841 og Kari Øisteinsdtr. Kvarberg 1805-1899.

Ivar og Berit hadde 2 barn:

Gunhild 1852-1923, neste brukar

Kari 1860-1929, g.m. Ivar Johnsen Visdal n. 1855-1936. På Valde n.

Gunhild Ivarsdtr. Viste 1852-1923, var gift med Johannes Pålsen Mo 1860-1934, son til Pål Johannessen Mo 1824-1903 og Kari Pålsdtr. Tolstad 1828-1900. Johannes overtok med skjøte frå Beret Eriksdotter i 1905 for kr 4500,-. Gunhild og Johannes overtok også Mo, dei hadde 4 barn:

Ivar 1890-1972, neste brukar

Pål 1893-1981, g.m. Kari Andersdtr. Visdal n. 1893-1970. På Mo.

Kristian 1895-1978, ugift

Berit 1898-1978, ugift.

Ivar Johannessen Viste 1890-1972, gift med Mari Hansdtr. Raastad s. 1891-1963, dotter til Hans Andersen Raastad 1850-1925 og Mari Torsdtr. Kleppe s. 1855-1936. Ivar og Mari hadde 1 barn:

Gunhild 1927-2014, neste brukar

Gunhild Ivarsdtr. Viste f.1927, gift med Reidar Christiansen Grindvold 1933-2004 frå Sulheim i Bøverdalen. Dei hadde 3 barn:

Ivar 1956-2019, neste brukar

Ola 1958-2015

Mari f.1959

Ivar Viste f.1956, gift med Aashild Løkken, Skjåk f.1956. Dei har 2 barn:

Lars Erik f.1984

Bente f.1987

Lars Erik Viste overtok nordgard Viste i 2018. Han var smb.m. Anne Mette Gården f.1980, dei har dottera

Hedda f.2008

Lars Erik Viste er smb.m. Linda Hjellet f.1985, ho har barna

Mia f.2010

Isak

Lars Erik og Linda har dottera

Tiril f.2019

I 1668 vart det på nordgard Viste fødd 30 fe, det var 5 hestar og det vart sådd 10 tønner.

I 1865 var det på nordgard Viste 6 hestar, 44 kyr, 75 sauer, 25 geit og 7 gris. Det vart sådd 1 tønne rug, 12 tønner bygg, 1 tønne blandingskorn, 1/4 tønne erter og 9 tønner poteter.

Kjelder:

P.Ø.Kvarberg 2000: Slekter i Vågå og Lom, Slekten på Kvarberg oppigard

Slekten på Kleppe

Norsk Gardsbruk 1953-1997

Gjengjerden 1528, koppskatten 1645, matrikkel 1647, manntal 1666, matrikkel 1668, skoskatten 1711

O. Rygh: Norske Gaardnavne / Diplomatarium Norvegicum

Folketeljing 1865

Jakup Skjedsvoll: avskrift jordebøker m.m.

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter panteregister, pantebøker, skifter mm.

Gunnar Ottosen, Jutulen 2011: Prester i Vågå sogn fram til 1745

Tore H Vigerust: Kilder til Gudbrandsdalens gårds- og slektshistorie 1500-1700

Ivar Kleiven: I gamle Daagaa 1907-1944

Gnr. 84

Viste oppigard

Uppigard Viste gnr. 84 bnr. 1 ligg i nedre Nordherad og omfattar det som fram til 1873 var to gardar, nigard og oppigard. Viste er nemnd frå 1528 da som Viste, Wiiste i 1578, 1594, Wiste 1604, Wiisted 1668 og Widsted 1723.

Uppigard Viste før 1873 er i skrift ofte kalla Viste mellom.

Skattemanntalet gjengjerden 1528 viser at brukarane på Vistegardane var Thrond Viste, Amund Viste og Steyner Viste, men det er uklårt kven av dei som var her.

Uppigard Viste er i jordebok 1577 og seinare nemnd som fullgard. Landskattelister frå 1610 til 1618 og også i 1624 viser at brukar er Arne Viste. Det går ikkje fram nokon samanheng med neste brukar Alff Viste. I 1615-16 er det nemnd at Syver Arnesen på Viste fekk ei bot, dette kan vera han som bygsla Kleiven i 1629.

Jon Viste er nemnd som lensmann i 1623. Det er uklårt kva Vistegard han kom frå, men på nordgard er brukaren desse åra Anders og på nigard Jørgen. (Siste året som Arne er nemnd som brukar av oppigard Viste, 1624, kan vera avskrift av lister åra før.)

Koppskatten 1645 nemner Alff Viste. Skattematrikkel 1647 nemner Alff Viste som brukar 3 huder, eigar er Niels Erichsen på Hedemarken. Alff Viste ser ut til å 2 sønner:

Amund Alfson f.ca.1605 d.e.1676, neste brukar

Torsten Alfsson, g.1656 m. Gjertrud Ellingsdtr.

Av jordebok 1661, manntalet 1666 og matrikkelen 1668 går det fram at oppigard Viste var rekna som fullgard med skyld 3 huder som oppsitjaren sjølv eigde. Dette var Amund Alfson f.ca.1605, g.m. Marit Olsdtr d.e.1676, ho var fyrst gift med Knut Alme. Amund og Marit hadde 3 barn:

Ole f.ca.1643 d.1692, neste brukar

Ivar f.ca.1649, vanvittig

Mari

Matrikkelen 1668 viser at oppigard Viste hadde vårseter i Slomba og sommarseter i Salia.

Ole Amundsen f.ca. 1643 d.1692 overtok etter faren. Ole var gift med Ragnhild Amundsdotter Austrem s. f.ca.1640 d.e.1711, dotter til Amund Andersen Austrem f.ca.1600 og Siri Jakobsdr. Sorem. Ole og Ragnhild hadde 3 barn:

Amund

Knut

Rønnaug

Skoskatten 1711 viser Amund Wisted og 2 barn. Amund Olsen Viste var gift med Marit Hansdr. (skifte Viste 7.4.1739), dei hadde 4 barn:

Ragnhild, neste brukar

Ingeborg, g.m. Christen Iversen Fellese f.ca.1695 d.1762

Marit, g.m. Jakob Olstad

Mari f.1714, g.m. Hans Pålsen Råstad n. 1713-1782

Ragnhild Amundsdr. Viste, g.m. Ola Iversen Fellese f.ca.1698 d.1775. Ola Iversen fekk skjøte på 3 huder i Viste i 1741. Ragnhild og Ola hadde 1 barn:

Marit 1745-1833

Marit Olsdr. Viste 1745-1833, g.m. Iver Olsen Sandbu ø-s 1731-1802, son av Ola Iversen Gjesling Sandbu 1695-etter 1755 og Rønnaug Guttormsdr. Heringstad 1697-1755. Marit og Iver hadde 7 barn:

Ragnhild 1764-1830, ugift men hadde med syskjebarnet Hans Guttormsen Sandbu sonen

Guttorm Hansen Viste 1798-1870 (ugift føderådsmann på nordgard Valde)

Ymbjørg 1769-1834, g.m. Ole Hansen Lunde ø. f. ca 1773 d.1808 og andre gong med

Svein Syversen Klones 1780-1839

Rønnaug 1769-1808 g.m. Knut Olsen Stokstad n. 1770-1855, på Stokstad

Ole 1773-1852, neste brukar

Mari 1778-1859, g.m. Syver Olsen Lunde systugu ca.1773-1840

Kari 1782-1877, g.m. John Hansen Valde n. 1782-1842, på Valde

Hans 1784-1873, g.m. Kari Olsdr. Siem 1799-1855 (ved skifte i 1808 fekk han

Ribstranden 6 skinn, takst 300 rd.)

Ole Iversen Viste 1773-1852 overtok med skjøte av 3 huder i 1807, taksta var 1600 rd. Ole Iversen var g.m. Guri Tordsdr. Olstad (Sel) 1793-1852, dotter av Tord Guttormsen Olstad 1757-1845 og Anne Pålsdr. 1755-1841. Ole og Guri hadde 9 barn:

Iver 1813-1854, neste brukar

Thor 1815-1844, g.m. Anne Hansdr. Øi ø. f.1817, på Einangen i Sel

Ragnhild 1818-1841, g.m. Thor Olsen Sandbu s-n. 1808-1885

Anne f.1821, g. 1844 med Tor Simensen Viste 1809-1854 på nigard Viste

Ingeborg 1825-1912, g.m. Øistein Johnsen Valde s. 1816-1876, på Brattland

Kari 1828-1829, g.m. Hans Torsen Øverbø (Sel) f.1825, på Øverbø
Ole 1831-1922, g.m. Kari Iversdtr. Valde s. 1837-1897, på Storvik s.
Mari 1834-1930, g.m. Ola Johnsen Valde s. 1829-1880, i Sandviken. Mari g. andre gong
1886 med Ivar Barhaugen f. 1853, i Kongelhaugen
Ragnhild 1841-1933

Iver Olsen Viste 1813-1854, g.m. Kari Johannesdtr. Sunde 1814-1836, 1 barn:

Kari 1836-1836

Iver Olsen gift andre gong med Mari Olsdtr. Sandbu n-s 1812-1893, dtr. av Ole Andersen Laurgard f. ca. 1772 og Mari Thorsdtr. Romundgard f.ca.1771-1869. Iver og Mari hadde 10 barn:

Ole f. 1840, g.m. Anne Andersdtr. Sørumsaugem f.1840, heile familien til USA i 1871

Mari 1842-1876

Ole d.y. 1844-1917 (Ola i Tre i Norge ved to av dem), g.m. Anne Olsdtr. Kokkehaugen
1841-1886, etterslekt i Jordmorstuen/Vistemo

Thor f. 1845, til USA i 1867

Iver f. 1847, til USA i 1867

Anders f. 1849, til USA

Kari 1851-1938, g. 1875 m. Ole d.y. Guttormsen Sandbo ø-s 1848-1934. På Sandbu ø-s

Thorstein 1854-1907, g. 1889 m. Ragnhild Johannesdtr. Myrum s 1861-1945. I Myrum s.

Iver d.y. f. 1855, til USA

John 1855-1855 (tvilling)

Syster til Mari Olsdtr. Sandbu n-s 1812-1893 var Kari Olsdtr. Sandbu s-n 1806-1896, også dtr. av Ole Andersen Laurgård (seinare Sandbu s-n) og Mari Thorsdtr. Romundgård. Kari var gift med Thor Andersen Svee 1799-1873 og dei overtok Viste ved auksjonsskjøte i 1869.(Sonen Anders Harildstad står som brukar i 1865.) I 1872 vart Viste overført til svigeronen Hans Augustinus Hysing Olsen 1837-1901 frå Bergen, son av kaptein Paul Nicolay Olsen og Elisabeth Inger Hysing. Hans Olsen var sakfører i Vågå 1865-1878, seinare sorenskrivar i Hardanger og Voss. Hans Olsen kjøpte også nigard Viste, og i 1873 vart det tinglyst samanføyning av gardane. Hans Olsen var gift med Marit Thorsdtr. Svee 1841-1915, dei hadde 4 barn:

Paul Nicolay 1867-1931, g.1894 m. Dikka Holmboe 1868-1941. Sorenskrivar i Nord-Gudbrandsdal.

Kari f.1868

Inger f.1872, g.m. Godtfred Furuholmen f.1873

Thor f.1874, g.m. Gerda Hesbøl f.1882

Thor Thorsen Viste på nigard Viste selde nigard Viste i 1872, han kjøpte seinare att Viste som nå omfatta både oppigard og nigard. Skjøte er tinglyst i 1886, men overtakinga har truleg skjedd før.

Tor Torsen Viste 1845-1928, g. 1871 med Ingrid Pålsdtr. Ulsvolden 1848-1940, dtr. av Pål Iversen Snerle (Ulsvolden) 1810-1867 og Marit Iverdtr. Blessum (Sørem) 1803-1877. Tor og Ingrid hadde 7 barn:

Anne f.1872, g.m. Thor Andersen (Sel)
Pål 1872-1956, neste brukar
Marit 1875-1965, ug.
Simen 1878-1930, ug.
Ragnhild f.1880, til USA
Ingrid f.1883, til USA
Gunhild f.1885, til USA

Pål Thorsen 1872-1956 overtok Viste mellom og søndre med auksjonsskjøte 1898 for kr 17765,44. Pål var gift med Imbiør Ivarsdr. Vetlesæter 1881-1968, dotter til Ivar Lillesæter og Mari Grev. Pål og Imbiør var barnløse, og overdrog oppigard Viste til hennar systerson Erling Valde s. i 1936.

Erling Olsen Valde f.1917 frå sygard Valde, g.m. Ragna Jørgensdr. Jotun f.1912. Erling og Ragna hadde 2 barn:

Ola f.1939, neste brukar
Margit f.1939, g.m. Magnar Vardsveen

Ola E. Valde f.1939, g.m. Alaug Moen f.1945 Luster i Sogn, dtr. til Jørgen Moen f.1906 og Marta Kjærvik f.1911. Ola og Aslaug overtok Viste i 1980, dei har 2 barn:

Einar f.1976, neste brukar
Jørgen f.1980

Einar Valde overtok Viste frå 2005.

I 1668 vart det på oppigard Viste fødd 21 fe, det var 4 hestar og det vart sådd 8 tønner.

I 1865 var det på oppigard Viste ikkje dyr. Det vart sådd 7 tønner bygg, ½ tønne blandingskorn, 1/8 tønne erter og 5 tønner poteter.

Kjelder:

P.Ø.Kvarberg 2000: Slektar i Vågå og Lom, Slektar på Fellese med Viste søre-rekken

Panteregister Nord-Gudbrandsdal tingrett 1863-1908

Norske Gardsbruk 1953-1997

Gjengjerden 1528, koppeskatten 1645, skattematrikkel 1647, manntal 1666, matrikkel 1668, skoskatten 1711
1881.no

O. Rygh: Norske Gaardnavne / Diplomatarium Norvegicum

Folketeljing 1865

Jakup Skjedsvoll: avskrifter jordebøker

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter panteregister, pantebøker, skifter mm.

Tore H Vigerust: Kilder til Gudbrandsdalens gårds- og slektshistorie 1500-1700

Viste nigard

Nigard og Uppigard Viste i nedre Nordherad vart på 1870-talet slege saman slik at nigard Viste i dag er ein del av det som har namnet Uppigard Viste. Viste er nemnd frå 1528 da som Viste, Wiiste i 1578, 1594, Wiste 1604, Wiisted 1668 og Widsted 1723.

Skattemanntalet gjengjerden 1528 viser at brukarane på Vistegardane var Thrond Viste, Amund Viste og Steyner Viste, men det er uklårt kven av dei som var her.

Nigard Viste er i jordebok 1577 og seinare nemnd som halvgard. Vister 2 huder er i 1542 oppført som Mariakyrkja sitt jordegods. I 1618 er det nemnd som Oslo kapittels jordegods, da med forlening til tidlegare skulemester i Oslo Peder Madzsen. Landskattelister 1610 til 1618 viser at brukar var Sigward/Siffurd Viste. Knut Siffuersøn på Viste som kan vera sonen eigde i 1624 1 skinn i Walle Ødegården, kanskje er dette Kviten.

Landskattelite 1624 viser at brukar var Jørgen Viste, truleg var han son til Siffurd.

Koppskatten 1645 nemner Jon Wiste og hans hustru. Skattematrikkelen 1647 nemner nigard Viste som halvgard med 1 ½ hud, brukar var Jon Wiste og eigar dochter Rodius. Wiste 2 huder er også nemnd som magister Rodius gods i 1652-1654 og i 1661 sjølv om det er oppført i jordeboka til Christiania kapitel. Etter dette har eigar vore borgarmeister Niels Lauridsen som i 1664 selde 3 huder i Viste.

Det går fram av jordebok 1661 og matrikkelen 1666 at nigard Viste var rekna som fullgard med skyld 3 huder og engeland dertil 1 skinn. Jon Nielsen f.ca.1605 brukte 2 huder og Sigverd Jørgensen f.ca.1623 brukte 1 hud 1 skinn. Finnhovde (Kviten) er nemnd å tilhøyre Viste i 1661 og 1668 og det er dette som er engeland på 1 skinn.

Jon Nielsen var gift med Kari Knutsdtr., kanskje kunne ho vera dotter til Knut Syversen som er nemnd som eigar av Kviten i 1624. Da ville ho truleg vera syskjenbarn med Syver Jørgensen.

I 1664 hadde Johannes Hansen Fellese f.ca.1627 d.før.1697 kjøpt Viste frå Niels Lauridsen, oppsitjarane Jon og Siffer klaga på dette i 1664-65. I 1667 stemnde Johannes Fellese dei for retten fordi dei ikkje ville avstå Viste til han, og han vann fram. Men det ser likevel ut til at Johannes har seld garden til Jon Viste, for matrikkelen 1668 viser at Jon Viste eigde heile garden. Johannes Fellese kjøpte i 1688 Einarsvoll i Lom.

Matrikkelen 1668 viser at nigard Viste hadde sommarseter i Kalven. I 1742 er nemnd bygsel på Legun og Kalven.

Sigverd eller Siver Jørgensen som brukte del av Viste i 1666 var truleg son til Jørgen Syversen som var brukar i 1624. Siver (skifte 1688) var gift med Anne Pedersdotter d.e.1688, dei hadde 2 barn:

Ørje f.ca.1656.

Kari d.e.1719, neste brukar

Kari Siversdotter Viste d.etter 1719 var gift med Anders Pålsen Bjørnstad n. d.1719. Dei hadde 4 barn:

Pål 1692-1770, g.m. Anne Pålsdr. Tolstad 1701-1767. Pål overtok Bjørnstad nedre etter farbroren Kristen Bjørnstad.

Anne f.ca.1695

Siver f.ca.1697 d.1769, neste brukar

Amund f.ca.1701, g.m. Guri Gudbrandsdr., til Kjøpanger

Siver Andersen Viste f.1697 d.1769 var gift med Ragnhild d.y. Andersdr. nordgard Viste f.ca.1720 d.ca.1760, dotter til Anders Olsen Viste f.ca.1661 d.1742 og Ingebjørg Knutsdr. Ekle (Lom) f.ca.1676 d.1740. Siver og Ragnhild hadde 5 barn:

Anders 1737-1782, neste brukar

Ole f.ca.1741 d.1783, ugift

Kari f.ca.1745 d.1820, g.1770 m. Erik Hansen Stranden n. 1743-1798

Anders d.y. f.ca.1750 d.1797, ugift

Christen f.1755, ugift i 1801

Anders Syversen 1737-1782 fekk i 1769 skjøte frå syskjena på nigard Viste 3 huder 1 skinn for 1800 rd. Anders var gift med Synnev Poulsdr. f.ca.1747. Anders og Synnev hadde 5 barn:

Ragnhild f.ca.1771 d.ca.1795

Syver f.ca.1775, g.m. Kari Johansdr. f.ca.1775, brukarar på Kviten

Anne f.ca.1777, ugift i 1801

Kari f.ca.1779 d.før 1801

Pål f.ca.1782

I 1781 skjøta Synnev som enkje garden over til bror til mannen, Anders d.y. Syversen Viste for 1920 rd. Synnev og barna flytte til Kviten som var eit underbruk til Viste. Sonen Syver Andersen f.ca.1775 hadde odelsrett i Viste, og i 1797 fekk han kontrakt med daverande eigar Hans Tordsen Harildstad om at Kviten og setra Kalven frå da skulle tilhøyre Syver Andersen.

Anders d.y. Syversen Viste 1750-1797 var ugift. Anders selde i 1795 nigard Viste til Hans Tordsen Harildstad for 2200 rd., men han hadde ikkje garden lenge.

Folketellinga i 1801 viser nye brukarar: Simen Pålsen Tolstad (Øi og Viste) 1767-1849, son av Pål Hansen Tolstad 1734-1812 og Mari Pålsdr. Tofte 1733-1807. Simen er nemnd på Viste i 1797. Vistekleiven var på 1600-talet krongods, og f.eks. ved skjøte i 1769 er nigard Viste nemnd som 3 huder så da var ikkje Kleiven med. Simen Pålsen kjøpte engelandet Kleven på auksjon i 1797 for 450 rd., og i 1818 er nemnd at Viste med Kleven engeland

utgjør 3 huder 9 skinn. Simen Pålsen var gift med Ragnhild Iversdtr. Fellese 1770-1848, dotter til Iver Christensen Fellese 1735-1802 og Anne Pålsdtr. Tofte 1736-1792. Simen og Ragnhild var syskjebarn, dei hadde 9 barn:

Anne f. 1795, g. 1830 m. Øistein Pedersen Sandnes n. 1770-1844

Mari f. 1797, g.m. Pål Olsen Andgard (Dovre) f.1800, hans andre ekteskap

Pål 1799-1863, g. 1848 m. Imbiør Eriksdtr. Siem f.1821 d.før 1865

Kari 1800-1841, g. 1840 med Pål Olsen Angard, hans fyrste ekteskap, dei hadde dottera
Mari som vart gift til Håkenstad

Barbro 1802-1895, g.m. Hans Jonsen Valde n. f.1806, på nordgard Valde

Iver 1805-1856, g.m. Ragnhild Thorsdtr. Svare 1836-1858. Det kan vera han som forpakta
Viste i 1824.

Guri 1808-1856, ugift

Tor 1809-1854, neste brukar

Hans 1811-1847, ugift, Sandnes

Tor Simensen Viste 1809-1854, g.m. Anne Olsdtr. Viste oppigard f.1821, dtr. av Ole Iversen
Viste 1773-1852 og Guri Thorsdtr. Olstad (Sel) 1793-1852. Tor og Anne hadde 3 barn:

Tor 1845-1928, neste brukar

Mari 1847-1926, g.m. Gudbrand Andersen Strand n. 1848-1890, på Sande og Strand n.

Ragnhild 1851-1880, g. 1870 m. Ole Amundsen Bu n. (Sel) f. 1846, på Sande og Halland

Tor Torsen Viste 1845-1928, g. 1871 med Ingrid Pålsdtr. Ulsvolden 1848-1940, dtr. av Pål
Iversen Snerle (Ulsvolden) 1810-1867 og Marit Iverdtr. Blessum (Sørem) 1803-1877. Tor og
Ingrid hadde 7 barn:

Anne f.1872, g.m. Thor Andersen (Sel)

Pål 1872-1956, g.m. Imbiør Ivarsdtr. Vetlesæter 1881-1968

Marit 1875-1965, ug.

Simen 1878-1930, ug.

Ragnhild f.1880, til USA

Ingrid f.1883, til USA

Gunhild f.1885, til USA

Tor Torsen Viste selde i 1872 nigard Viste til sakfører Hans Augustinus Hysing Olsen som
same året kjøpte oppigard Viste. Det vart i 1873 tinglyst samanføyning av oppigard og nigard.
Det var tunet på oppigard som vart brukt på den samanslegne garden, og garden har dermed
gått under namnet Uppigard Viste. Tundet på nigard låg lenger aust.

Tor Torsen Viste med familie flytte til Ulsvolden på Sel der kjerringa Ingrid kom frå, men
seinare kjøpte han att garden som nå omfatta både nigard og oppigard.

I 1668 vart det på nigard Viste fødd 26 fe, det var 4 hestar og det vart sådd 7 1/2 tønner.

I 1865 var det på nigard Viste 4 hestar, 27 kyr, 32 sauer, 17 geit og 3 grisar. Det vart sådd 1/5
tønne rug, 8 tønner bygg, 1/5 tønne erter og 8 tønner poteter.

Kjelder:

P.Ø.Kvarberg 2000: Slekter i Vågå og Lom, Slekten på Fellese med Sygard Raastadrekken

Panteregister Nord-Gudbrandsdal tingrett 1863-1908

Folketelling 1801, 1865

Gjengjerden 1528, koppskatten 1645, matrikkel 1647, manntal 1666, matrikkel 1668

O. Rygh: Norske Gaardnavne / Diplomatarium Norvegicum.

Jakup Skjedsvoll: avskrifter jordebøker m.m.

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter panteregister, pantebøker, skifter mm.

Tore H Vigerust: Kilder til Gudbrandsdalens gårds- og slektshistorie 1500-1700

Tor Stallvik: diverse slektstavler

Dalestugu

Dalestugu gnr. 84 bnr. 3 ligg ovanfor nordgard Viste i nedre Nordherad.

Nils Olsen f.ca.1791 d.1864 er nemnd Søndre Walde Skreden da han gifta seg i 1819 med Marit Jakobsdotter f.1799, ho er da nemnd Walde. I 1822 er dei nemnd som inderst i Aabakken medan dei i 1834 er husmannsfolk i Øyslykken u. Viste. Liste over husmannspenger til kyrkja 1832 nemner Nils Olsen som husmann under nigard Viste, dette må vera i Dalestugu. Nils og Marit hadde 3 barn:

Jakob 1822-1887, i nedre Dalestugu.

Syver 1828-1904, neste brukar

Johannes 1834-1891, g.m. Ragnhild Olsdtr. Bakken (Rottemsbakken) f.1834. Skreddar, skreiv seg for Dal. Torestugu i 1865 og Moen i 1875.

I 1865 er det både øvre og nedre Dalestugu. I nedre Dalestugu er Jakob Nilsen 1822-1887 og kona Kari Olsdotter Bredenvangen 1817-1897 saman med mor hans. I 1875 er Jakob nemnd som dagarbeidar og ved skifte i 1897 som arbeidar så Dalestugu var nok ikkje lenge drivi som to bruk.

I øvre Dalestugu er i 1865 Syver Nilsen og familien. Syver Nilsen Dalestuen (Visteeie) 1829-1904 vart 1853 gift med Guri Johannesdotter Præstgardseie f.ca.1826 d.1912, dotter til Johannes Christensen Runningen. 1870 fekk Syver Nilssen Dalestuen husmannskontrakt på Dalestuen og Daleløkken frå daverande eigar av midtre (øvre) Viste Thor A. Sve.

Syver og Guri hadde 6 barn:

Iver 1850-1925, g.m. Guri Kampen f.1851, i Landebrustugu (Gurivastugu)

Johannes f.1854, g.m. Marit ? f.1854. Gaardsvolden under Gardsøi i 1900.

Marit 1858-1945, g.m. Erland Thorsen Tassmyrhaugen 1855-1885, g.2.m. Jakob Olsen

Skjedsvoll 1855-1940. Marit hadde før ekteskap sonen Syver Dalestuen f.1877

Niels f.1860-1923, g.m. Ragnhild Brun 1863-1932. Til øvre Runningen ved Åsheim.

Ragnhild 1865-1923, hadde sonen Ole Johnsen f.1893

Kari f.1867, g.1903 m. Sven Isaksen Karusbakken, til Minnesota i USA

Syver Nilsen døydde i 1904 og etter dette flytte enkja Guri, dottera Ragnhild 1865-1923 og hennar son Ole Johnsen f.1893 til ei stugu ovanfor jordet på nordgard Valdes som fekk namnet Solbakken.

Dalestugu vart frådelt frå oppigard Viste gnr. 84 bnr. 1 i 1906, og i 1907 er det skjøte frå Paul Thorsen Viste til Hans Ingebretsen (Veien) for kr 1000,-. Hans Ingebretsen 1875-1959 var frå Nebbneset, son til Imbert Veien og Kari Nebbneset. Hans Nebbneset vart i 1900 gift med Ingeborg Jakobsdotter Bukkesteen 1880-1925, dei hadde barna

Inger 1899-1996, gift med Henrik Resvold 1900-1981. I Kleiven og Resvold.

Barbro 1902-1985, gift med Knut E.Hagen 1898-1985. I Syhågå.

Kari 1904-1983, gift med Johan Bjørkheim 1908-1979. I Bjørkheim.

Imbert 1906-1986, gift med Marit Storøygard 1910-1995. På Ulsanden

Jakob 1909-1995, gift med Ragna Storøygard 1907-1983. På søre Ulsanden.

Hanna Ingeborg 1911-1918

Olav 1914-1996, gift med Ymbjørg Steinli 1914-1991. I Steinli.

Marit 1916-1997, gift med Syver Sveum 1913-1997. På Sveum.

Hans f. 1920, gift med Ragnhild Haugen f. 1921

Nils f. 1923, ugift

I 1923 var det skjøte frå Hans I Veien Dalestuen til T. O. Lunn for kr 4500,-, dette er same året som Hans kjøpte Ulsanden. T. O. Lunn var eigar fram til 1935. I hans eigartid kjenner vi til at Nils Visdal f.1898 ei tid dreiv garden.

Brørne Hans og Tostin Kleiven frå nedre Vistekleiven skal også ha drivi Dalestugu ei tid, dei var sønnene til Jo Grovdalen f.1866 og Gunhild Haugen. Dette må ha vore siste tida som T. O. Lunn var eigar. Hans Kleiven 1905-1971 var gift med Brit Nørjordet f.1914 frå Lom, dei kom til øvre Grjøtheim i Lom. Tostin Kleiven f.1907 var gift med Anna Maria Gjeilosjordet 1914-1990 frå Storåen i Lom, (dei vart seinare skilt og ho oppattgift med Anton Hidemstrædet). Tostin Kleiven kom til Skjåk.

Paul Sveahaugen 1896-1986 var son til Pål Løkjeranden og Mari f. Sveahaugen, Paul kjøpte Dalestugu i 1935. Paul vart 1934 gift med Ymbjørg Lillehagen 1902-1979 dotter til Mari Lillehagen f.1874 og Hans Iversen Kveen f.1877. Paul og Ymbjørg hadde 2 barn:

Pål f.1934, neste brukar

Mari f.1938, i Lillehagen nördre

Pål Sveahaugen 1934-2011 overtok etter faren i 1966. Han vart 1957 gift med Helga Visdal n. f.1936, dotter til John Visdal f.1890 og Hanna Bakken f.1902. Pål og Helga hadde 4 barn:

Else f.1957, g.m. Ole Kristian Frydenlund f.1955

Jan f.1959, g.m. Margareth Lepperød

Eli f.1961, g.m. Trond Atle Bjørlien

Per f.1966, neste brukar

Per Sveahaugen f.1966 overtok frå faren i 2007. Per var smb. m. Ane Skålsveen f.1969, dei har 3 barn:

Eirin f.1993
Jøran f.1998
Celin f.2004

I 1865 var det i nedre Dalestugu 1 ku, 1 sau og 1 geit. Det vart sådd ½ tønne bygg og ½ tønne poteter. I øvre Dalestugu var det 2 kyr og det vart sådd ¼ tønne bygg og ¼ tønne poteter.

Kjelder:

Folketelling 1865, 1865, 1900

Opplandsarkivet avd. Vågå: familieark, kopi panteregister, kyrkjebøker, husmannspenger til kyrkja mm.

Norske Gardsbruk 1953 - 1997

1881.no

Jon Kolden: Bygdabok for Lom

Vistelykkja

Vistelykkja låg lengst aust på oppigard Viste-jordet i nedre Nordherad, på det jordet som er oppdyrka i nyare tid på grensa mot Helle.

Treskjæraren Anders Tassmyrhaugen 1790-1863 vart i 1852 gift andre gongen med Mari Erlandsdotter Skålen 1819-1896. Ho var ei eldre syster av sonekona hans. Mari hadde før ho var gift sonen Ola Hansen Lysåker (seinare Lunna i Lom) 1847-1929, faren var Hans Andersen Lysåker f. 1825 og Ola voks truleg opp hjå han. Anders og Mari flytte over Dipra og sette opp ei stugu som vart kalla Svastugu, men jorda var oppe i bakken sør for Dipra. Etter at Anders døydde i 1863 budde Mari og døtrene i 1865 i Kolgroven og Mari budde der også i 1875. Mari og døtrene flytte med seg stugu til Vistelykkja, Mari døydde der i 1896.

Mari og Anders hadde 2 barn:

Barbro Andersdotter Visteløkken f.1853
Ingri Andersdotter Visteløkken 1855-1932

Barbro f.1853 budde på Kvarberg og i Dalen da barna vart fødde 1879, 1882 og 1891, men ved konfirmasjonar i 1894 og 1897 er dei nemnde som Visteløkken. Da yngste dottera vart konfirmert i 1905 er ho nemnd på Blessom. Barbro reiste til dottera i Sør-Dakota i USA i 1907, ho hadde 3 barn:

Ole Olsen f.1879, faren var Ole Olsen Storsteinen f.1850. I 1900 var han i Nordre Land.
Mari Syversdotter f.1882, faren var Syver Knutsen Storvikssæter f.1844.
Anne Olsdr. f.1891, faren var Ole Knutsen Dalen f.ca.1846. Anne til Sør-Dakota i 1907.

I 1900 budde Ingri 1855-1932 i Vistelykkja saman med dottera. Seinare flytte Ingri med seg stugu til Kjøpanger, i 1910-folketeljinga er ho registrert i stugu på Kjøpanger-grunn med yrke «Bager Flatbrød». Ingri hadde 1 barn:

Mari Syversdotter 1887-1909, faren var Syver Olsen Næssel Skultbakken f.1856

Kjelder:

I. Flatum, Årbok 1981: Anders Tassmyrhaugen, s. 37

E.Grev, Årbok 1981: Muntleg overlevering um Tassmyrhaugin, s. 49

A. Skrede, Årbok 1950: Anders Tassmyrhaugen, s. 48

Johannes Haugstad 1993: Varp og veft, s. 65

Folketelling 1900, 1910

Utvandrarlistar

Vistestrind

Strind er området mellom Valde/Viste og Fellese i nedre Nordherad. Den såkalla Tur-Strind vart delt ved utskifting i 1828 mellom Valdegardane og Vistegardane der det ser ut til at Vistegardane fekk den vestre delen. Det er uklårt akkurat kvar Vistestrind var, men kanskje var det ei stugu aust for Vistejordet.

Knut Knutsen Faukstadeie eller Hållåeige 1815-1872 vart i 1845 gift med Marit Olsdotter nørde Vetlsæter f.1817 d etter 1900. Dei var ved folketellinga i 1865 busette i nørde Trolldalen, men Bygdabok for Lom nemner at dei tidlegare var i Vistestrind. Knut og Marit hadde sonen Knut f.1848.

Denne yngre Knut Knutsen f.1848 var gift med Anne Pedersdtr. Ulsbustugu f.1852, dotter til Per Sveinson, og etter vigsla bur dei i Vistestrind. Eldstesonen Ola var truleg fødd i Vistestrind, medan dei andre var fødde i Trolldalen. Knut og familien har truleg flytta til Trolldalen etter at faren vart borte, for i 1875 var dei busette der saman med mora Marit. 1896-1901 utvandra heile Knut og Anne og heile familien til Amerika. Knut og Anne hadde 7 barn:

Ola f. 1873, utflytt til Quebeck i Canada 1896

Marit f. 1875, utflytt til Quebeck i Canada 1896

Embjørg f. 1875, utflytt til Quebeck i Canada 1896

Per f. 1882, utflytt til NewYork i 1901

Mari f. 1885, til Minnesota i USA i 1901

Edvard f. 1888, til Minnesota i USA i 1901, skal ha delteke i 1. verdskrigen

Anton f. 1891, til Minnesota i USA i 1901, skal ha delteke i fyrste verdskrigen

Kjelder:

Opplandsarkivet Vågå: familieark, utskrifter kyrkjebok for Vågå mm.

J.Kolden 2002: Bygdabok for Lom 2, s. 47

Folketellingar 1865, 1875

Nord-Gudbrandsdal sorenskriverembete Pantebok 1807-1833

Gnr. 85

Valde sygard

Sy gard Valde gnr. 85 bnr. 1 ligg i nedre Nordherad. Husa stod tidlegare ved tunet på nordgard, men vart flytta om lag 1800. Valde er nemnd frå 1318 som i Uallum, i Vollom 1366, i Vollum 1378, a Vollum 1386, i Vollom 1400, a Wallom 1422, Walde 1578, 1604, 1723, Walle 1668. 1318 er nemnd *vesteste* og 1386 *nørste* så da var det to Valdegardar.

Jordebok 1577 og seinare nemner sygard Valde som fullgard på 4 huder som var krongods. Skattelista gjengjerden 1528 nemner ikkje Valde, men enkelte trur at Thorer Waldo som er nemnd i lista for Lom kan vera Valde i Vågå. Lensrekneskapsbøker nemner at Knut Waller svara 1 ku i holding (tredjeårstake), holding var ikkje brukt i bondegods så dette må såleis vera sygard.

Engebret Valde, f. ca. 1585/1590 skal etter tradisjonen ha delteke i slaget i Kringen i 1612. I 1615-16 fekk Engelbrett Pedersen Valde bot for at han knivstakk Knut Syversen på Viste. Engebret ser ikkje ut til å ha vore brukaren på Valde.

Landskatten 1610 og 1611 nemner Brønnold eller Brønnell Walde, etter dagens skrivemåte kan det vera Brynhild og som da er enkje.

Matrikkel 1647 nemner sygard Valde som fullgard og Oluff Walde som brukar av 4 huder som var krongods. Truleg er opplysningane i matrikkelen innhenta tidlegare, for koppskatten 1645 nemner enkja Engeborg Walde. Oluff Valde er nemnd frå 1612, i 1617 er han nemnd som lensmann. Oluff Valde var 1628 ein av dei største långjevarane i sølvlånet til kong Christian IV og fekk i pant 2 ½ hud i Valde, i 1634-35 løyste fauten på Kongens vegne inn att lånet. Ola (Oluff) Valde d.før 1645 var gift med Ingeborg Knutsdotter. Ola og Ingeborg hadde 4 barn:

Johannes f.1636, seinare brukar

Knut f.1642 d.før 1697, ugift

Ola f.1644 d.før 1697, ugift

Aaste f.ca.1645 d.før 1702, g.m. Ola Knutsen Storvik 1637-1697

Enkja Ingeborg Knutsdtr. vart gift med Engebret Jakobsen Kvarberg nigard f.ca.1614 d.1697, son til Jakob Larsen Kvarberg n. f.ca.1575 d.ca.1660 og Rønnaug Ivarsdotter Sandbu ø-s f.ca.1594. Manntal 1666 nemner Walle som fullgard med skyld 4 huder og engeplass dertil 1 ½ hud som truleg er Skjedsvoll, oppsitjar var Engebret. Matrikkel 1668 nemner Valle til 2 huder 3 pd fisk og at alt tilhørde kongen. Jordebok 1661 viser også at kongen var eigar av alt, medan Engebret eigde 1 hud av engeplassen og Knut Kleppe ½ hud. Engebret er nemnd frå 1657. Ingeborg og Engebret hadde ikkje barn, da Engebret døydde var han eigar av 1 hud og 3 ½ skinn i Valde av totalt 4 huder.

Matrikkelen 1668 viser at sygard Valde hadde Valde seter som truleg er setra ved Lemonsjøen. Skogen i baksida som tidlegare var sameige mellom Valdegardane vart utskifta i 1825. I dette området var Tessanden, Brugrenda, Åsøygarden og Valdeøygarden underbruk og husmannsplassar under Valdegardane.

Som nemnd viser jordebok at sygard Valde på 1660-talet var eigd av Kongen, men så har dette vorte seld til oberst Brochdorf som i 1673 overskjøter Valde 2 huder 3 bismarpund fisk til lagmann Niels Toller.

Johannes Olsen Valde f.1636 overtok etter stefaren Engebret Jakobsen f.Kvarberg. Johannes var gift med Rønnaug Engebretsdotter. Ho kan vera dotter til Engebret Bolstad og Anne Jakobsdr. Kvarberg og dermed systerdotter til førre brukaren Engebret Jakobsen f.Kvarberg, dette går fram av skifte etter Engebret Jakobsen i 1698. Skoskatten 1711 nemner Johanes Walde og 1 barn. Johannes og Rønnaug hadde som ein kjenner til 1 barn:

Engebret f.1690/1695, neste brukar

Engebret Johannessen Valde f.ca.1690/1695, gift ca.1722 med Tora Jonsdotter Helle f.ca.1700 d.etter 1755, dotter til Jon Eriksen Helle f.1666 d.etter 1723 og truleg hans andre ektefelle Ragnhild Eriksdr. Engebret og Tora hadde 5 barn:

Rønnaug f.1723 d.før 1774, g.m. Jon Knutsen Storvik s. d.1774, til Garmo u.

Johannes f.1725 d.før 1756, ugift

Ragnhild f.1724, g.m. Ola Iversen Storvik

Jon 1732-1820, neste brukar

Ola 1737-1812, g.1768 med Anne Johannesdr. Lyen 1752-1805. På Brattland.

Jon Engebretsen Valde 1732-1820, gift med Eli (Else) Jonsdotter Sandnes nordgard f.ca.1727 d.1806, dotter til Jon Pedersen. Jon Engebretsen og Eli hadde 3 barn:

Gunhild 1751-1843, neste brukar

Eldri 1755-1802, g.1777 m. Jon Olsen Sønsteng 1747-1836

Torø 1759-1841, g.1784 m. Hans Guttormsen Lunde nordgard 1759-1846, på Lunde.

Gunhild Jonsdotter Valde 1751-1843, gift med Ivar Øisteinsen Kvarberg oppigard 1745-1823, son til Øistein Eriksen Kvarberg 1700-1765 og Ingeborg Jakobsdr. Jøronstad (Dale ø.) 1705-1790. Ivar Øisteinsen overtok i 1785 frå svigerfaren med skjøte for 999 rd. Gunhild og Ivar hadde 3 barn:

Øistein 1785-1809, g.m. Gunhild Ivarsdr. Viste nordgard 1780-1877. Øistein døydde i

Vinger i krigen med svenskane. Øistein overtok Valde i 1805 med skjøte for 1100 rd.

Øistein og Gunhild var barnlause, Gunhild gifta seg på nytt med Johannes Syversen Sandnes s. 1781-1873.

John f.1786/87 d.1866, neste brukar

Kari f.1789

John f.1786/87 d.1866 overtok etter broren i 1809 med skjøte for 1100 rd. John var gift med Kari Jakobsdotter Sandbu n-n 1779-1867, dotter til Jakob Danielsen Sandbu (Berge) 1749-1815 og Anne Syversdr. Sve 1754-1845. John og Kari hadde 8 barn:

Ivar 1810-1886, neste brukar

Jakob 1814-1883, g.m. Kari Nilsdr. Visdal ø. 1836-1908. På Visdal oppigard.

Øistein 1816-1876, g.m. Ingeborg Olsdr. Viste ø. 1825-1912. Til Brattland.

Anne 1819-1899, g.m. Ole Gudbrandsen Rusnes 1812-1876. På Aasegardshaugen (Aasheim)

Syver 1821-1858, ugift, målar og møbelsnekker

Gunhild 1825-1849, g.m. Trond Knutsen Storvik s. 1816-1851. Barnlause.

John 1827-1892, g.m. Kari Johnsdr. Visdal n. 1831-1891. På Visdal nigard.

Ola 1829-1880, g.m. Mari Olsdr. Viste ø. 1834-1930. Til Sandviken.

Ivar Johnsen Valde 1810-1886, gift med Barbro Knutsdotter Storvik sygard 1810-1886, dotter til Knut Olsen Storvik 1777-1842 og Eldrid Trondsdr. Valbjør 1777-1836. Ivar Johnsen overtok i 1835 med skjøte frå faren 2 huder 3 Bp Fisk (tilsvarar samla 4 huder) for 1000 Spd.

Ivar og Barbro hadde 5 barn:

John f.1836 d.før 1851

Kari 1837-1897, g.m. Ole Olsen Viste u. 1831-1922, dei overtok sygard Storvik

Eldri 1841-1911, neste brukar

Mari 1846-1848

John d.y. 1851-1864

Eldri Ivarsdotter Valde 1841-1911, gift med Nils Andersen Strand nordre 1836-1913, son til Anders Nilsen Strand 1799-1876 og Marit Gudbrandsdr. Rusnes 1802-1884. Eldri og Nils overtok Valde med skjøte i 1873 for 450 Spd, dei hadde 6 barn:

Anders 1863-1943, g.m. Mari Ivarsdr. Lillesæter 1868-1933. Overtok Aasegardshaugen (Aasheim).

Ivar 1865-1953, g.m. Mari Steinarsdr. Storvik m. 1869-1944. Overtok Sande.

Jo 1868-1951, ugift.

Ola 1874-1931, neste brukar

Barbro 1877-1968, g.m. Sevald Thorsen Sandnes 1865-1958. På Sandnes s.

Mari 1881-1971, g.m. Thorstein Olsen Lunn 1877-1956. Kjøpte Blessum s.

Ola Nilsen Valde 1874-1931 overtok Valde med skjøte i 1911 for kr 10000,-. Ola var gift med Marit Ivarsdr. Lillesæter 1879-1968, dotter til Ivar Jakobsen Lillesæter 1848-1924 og Mari Syversdr. Grev 1838-1899. Ola og Marit hadde 3 barn:

Nils 1903-1984, neste brukar

Ivar 1909-1985, g.m. Ymbjørg Knutsdr. Odnnes 1914-2003.

Erling f.1917, g.m. Ragna Jørgensdr. Jotun f.1912. Overtok Viste u.

Nils Olsen Valde 1903-1984, gift med Ragnhild Hansdotter Siem 1908-1989, dotter til Hans Olsen Siem 1871-1933 og Kari Toresdr. Skjedsvoll 1883-1967. Nils overtok etter mora i 1948. Nils og Ragnhild hadde 2 barn:

Ola 1940-2022, neste brukar

Hans 1941-2020, g.m. Reidun Margrethe Teige 1947-2020

Ola Nilsen Valde f.1941, gift med Guri Johannesdotter Tolstakleiven f.1946, dotter til Johannes Jakobsen Tolstadkleiven 1907-1981 og Olga Sofie Brun 1917-1982. Ola og Guri overtok i 1973, dei har 4 barn:

Randi f.1966, neste brukar

Nils f.1968, sb.m. Ingrid Lien f.1970

Jon f.1971, sb.m. Britt Rudi f.1975

Svein f.1978, sb.m. Kristine Berg

Randi Valde f.1966, g.m. Roar Sletten overtok frå 2004. Dei har 4 barn:

Rolf f.1995

Omund f.1997

Gjermund f.2000

Ragna f.2002

I 1668 vart det på sygard Valde fødd 26 fe, det var 4 hestar og det vart sådd 8 tønner.

I 1789 var det på Valde 28 mål åker, ca. 120 da engeland, 3-4 hestar, 25 fe og 40 småfe. Det vart sådd 7 tønner, etter skaden av Ofsen kunne det såast 5 tønner.

I 1865 var det på sygard Valde 5 hestar, 30 kyr, 55 sauer, 30 geit og 4 grisar. Det vart sådd ½ tønne rug, 7 tønner bygg, 1 tønne blandingskorn, ½ tønne erter og 7 tønner poteter.

Kjelder:

Norske Gardsbruk 1953-1997

P.Ø.Kvarberg 2000: Slekter i Vågå og Lom, Slekten på Sygard Valde med grenene på Brattland og Visdal
Koppskatten 1645, matrikkel 1647, manntal 1666, matrikkel 1668, skoskatten 1711

O. Rygh: Norske Gaardnavne / Diplomatarium Norvegicum.

Folketeljingar 1801, 1865, 1875, 1900

1881.no

Jakup Skjedsvoll: avskrifter av jordebøker

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter panteregister, pantebøker, skadetakst Storofsen, skifter mm.

Tore H Vigerust: Kilder til Gudbrandsdalens gårds- og slektshistorie 1500-1700

Gnr. 86

Valde nordgard

Nordgard Valde gnr. 86 bnr. 1 ligg i nedre Nordherad. Valde er nemnd frå 1318 som i Uallum, i Vollom 1366, i Vollum 1378, a Vollum 1386, i Vollom 1400, a Wallom 1422,

Walde 1578, 1604, 1723, Walle 1668. 1318 er nemnd *vesteste* og 1386 *nørste* så da var det to Valdegardar.

Skattelista gjengjerden 1528 nemner ikkje Valde, men enkelte trur at Thorer Waldo som er nemnd i lista for Lom kan vera Valde i Vågå. Jordebok 1577 og seinare samt bygningsskatten 1604 viser nordgard Valde som fullgard. I 1590 er det nemnd eit makeskifte der prestbolet i Lom fekk 2 huder av nordgard Valde, før var dette bondeeiige.

Landskatten 1610 og 1611 nemner John Walde. Jon Valde er nemnd som lensmann i 1588.

Landskattelister 1612 til 1617 nemner Knut Walde.

Landskatten 1624 nemner Joen Walde som eigar av 1 hud i Valde og 1 hud i Strand. I 1628 lånte Jon Walde ut 150 lodd sølv (like mykje som Oluff på sygard) til Kongen mot pant i 2 ½ hud i n. Sandbu, dette vart innløyst i 1634-35. Truleg var Jon far til

Erik d.ca.1660, neste brukar

Koppskatten 1645 nemner Erich Walde og hans hustru. Matrikkel 1647 viser nordgard Valde som fullgard og Erik Walde som brukar av 3 huder der Lom prestebol eig 2 huder og det øvrige er bondegods. Av jordebok 1611, manntal 1666 og matrikkel 1668 går det fram at Valde var fullgard med skyld 3 ½ hud der Lom prestebol eigde 2 huder og oppsitjaren Bergete Valle eigde 1 ½ hud. Bergete var gift med Erik Jonsen som det var skifte etter i 1660, dei hadde 4 barn:

Jon Erichsøn f.ca.1642

Jon Erichsøn f.ca.1646

Eldri

Brynhild, g.m. Ivar Torkjelsen Råstad nördste

Matrikkelen 1668 viser at nordgard Valde hadde sommarseter i Bestung og vårseter var Valde seter (dette er truleg setra ved Lemonsjøen). Skogen i baksida som tidlegare var sameige mellom Valdegardane vart utskifta i 1825. I dette området var Tessanden, Brugrenda, Åsøygarden og Valdeøygarden underbruk og husmannsplassar under Valdegardane.

I 1692 pantsette Jon Eriksen Valle ½ hud odelsgoods i Valle. Vi har ikkje oversikt om han var brukar på Valde. Skiftebrev i 1705 viser at Ingeborg Engebretsdtr. og Colbiørn Joensen har arva 1 hud 6 skinn i Valde.

Skoskatten 1711 nemner Hans Walde og 2 barn. Hans Hansen var frå n. Stade, son til Hans Andersen Stade f.ca.1617 d.1680 og Marit Pålsdtr. Tolstad f.ca.1622 d.e.1682. Hans Hansen f.ca.1655 var gift med Ragnhild Andersdotter Svenstad. Hans og Ragnhild hadde 2 barn:

Eldri, g.m. Jon Person Sandnes n.

Hans f.ca.1685/1690, neste brukar

Hans Hansen Valde (Stade) f.ca.1685/1690 var gift med Gunhild Jonsdr. Helle f.ca.1695 dotter til Jon Eriksen Helle f.ca.1660 d.etter 1723 og Torø Torsteinsdr. Kleppe n. f.ca.1660 d.1695. I 1734 fekk oppsitjaren Hans Valde skjøte på Valde 1 hud 6 skinn for 120 rd. frå Ingeborg Engebretsdtr. og Colbjørn Joensen. Hans og Gunhild hadde 3 barn:

Hans 1721-1780, g.m. Ingeborg Christensdr. Fellese f.1726, han arva Helle etter morbroren.

Jon Valde 1723-1813, neste brukar.

Tora, g.m. Lars Johannessen Øi ø. (Haugøi) f.ca.1715 d.1802.

Jon Hansen Valde 1723-1813 fekk i 1752 bygsel frå soknepresten i Lom. I skifte etter mora Gunhild Jonsdr. overtok Jon Hansen 1 ½ hud av Valde. Jon vart ca. 1755 gift med Kari Christensdotter Fellese 1737-1792, dotter til Christen Iversen Fellese f.ca.1695 d.1762 og Ingeborg Amundsdtr. Viste ø. Jon og Kari hadde 9 barn:

Hans Jonsen Valde 1754-1824, neste brukar.

Gunhild Jonsdr. 1757-1837, gift 1805 med Nils Olsen Klukkargarden f.1749

Christen Jonsen Valde f.1760, g.m. Imbiør Olsdr. 1754-1832. Husmann

under Valde på Øygarden «Arnøygarden»: 2 barn

Imbiør Jonsdr. 1763-1850, g.1784 m. Hans Rasmussen ø. Klonesbakken f.ca.1748

d.1834 – husmann med jord – tre barn.

Torø Jonsdr. f.1766, g.m. Iver Olsen Hunden (Lia i Lom)

Erik Jonsen Valde f.ca.1768 d. etter 1801 – ugift soldat d.å.

Ragnhild Jonsdr. 1771–1859 g.m. Eirik Imbertsen Bakken 1775-1858, til Sandebakken

Aaste Jonsdr. f.1772 d.etter 1814 – ug. d.å. – to barn

Kari Jonsdr. 1774-1786

Hans Jonsen Valde f.1754 d.1824, g.1781 m. Åse Knutsdr. Siem f.1756 d.1826. Hans Jonsen overtok i 1792 og fekk da bygsel frå presten i Lom. Hans og Åse hadde 4 barn:

Jon Hansen Valde 1782-1842, neste brukar.

Hans Hansen Valde f. 1786 d.etter 1825, truleg ugift.

Aagot Hansdr. f .ca.1796 d.1861, g.1838 m. Ener Eriksen Helle 1808-1876, barnlause.

Jakob Hansen Valde f.1803 d.etter 1875, g.m. enke på Sande Anne Jakobsdr. 1808-1886

Forpaktar på Sande.

Jon Hansen Valde 1782-1842, g. 1806 m. Kari Iversdr. Viste ø. 1782-1877. Jon Hansen overtok i 1812 med skjøte på 1 hud 6 skinn for 600 rd., men bygsel frå presten i Lom er frå 1820. Jon og Kari hadde 7 barn:

Hans Johnsen Valde f.1806 d.før 1895, neste brukar.

Iver Johnsen Valde f.1810 d.1814.

Ragnhild Johnsdtr. 1811-1849, g.m. «skoleholder» Johannes Olsen Visdal 1803-1882.

Barn: Ingeborg f.1831 d.1848, Iver Ildjern f.1844, John f.1848

Kari Johnsdtr. f.1814, g.m. Jakob Jakobsen Ringnesset f.1814 – i Ringnessæteren og

Hallvardløkken.

Iver d.y. Johnsen Valde f.1816 d.1886, ug.

John Johnsen Valde f.1819 – ug. i 1875.

Ola Johnsen Valde 1822-1913, g.m. Barbro Olsdtr. Brattland 1828-1913 – på Valdvik og i Barbrostugu. Barn: Kari f.1849, Imbiør f.1854, Iver Valdvik f.1865, Anne f.1868.

Hans Johnsen Valde f. 1806 d. før 1895, g. 1831 m. Barbro Simensen Viste m. f.1802 d.1895. Hans Jonsen overtok i 1834, kjøpesum for 1 ½ hud var 550 Spd. Hans Johnsen fekk kongeleg skjøte på 2 huder av Valde i 1848 for 900 Spd (tinglyst 1851). Hans og Barbro hadde 4 barn:

Iver Hansen Valde 1831-1856, ug.

Thor Hansen Valde 1834-1916, neste brukar.

Simen Hansen Valde 1837-1865, ug.

Mari f.1840 d.før 1900, på Aasgaard. Barn u/e m. Hans Fjøsne: Ivar Aasgaard 1868-1953.

Hans 1845-1914

Thor Hansen Valde 1834-1916, g.m. Ingrid Johannesdtr. Viste n. 1826-1911. Thor Hansen fekk skjøte datert 1862 frå faren for 2600 Spd og føderåd. Thor og Ingrid hadde 3 barn:

Hans Thorsen Valde f.1859 d.1941, g.m. Sofie Heggebotten. Barn: Erling d. som barn,

Ingrid d. som barn, Erling til USA, Thorleif, Margit d. ug. i Oslo.

Gunhild Thorsdtr. f.1863, til USA

Ivar Thorsen Valde 1865-1951, g.m. Kari Stenersdtr. Storvik 1870-1957. På Valdvik.

I 1891 er det auksjonsskjøte til Iver Johnsen Visdal for kr 5500,-. Ivar Visdal 1855-1936 frå nigard Visdal var son til John Johnsen Valde s. 1827-1892 og Kari Johnsdtr. Visdal n. 1831-1891. Ivar var gift med Kari Ivarsdtr. Viste n. 1860-1929, dotter til Ivar Johannessen Viste 1816-1872 og Beret Eriksdtr. Garmo ø. 1831-1915. Dermed overtok Kari etter tanta si Ingrid, baa kom frå nordgard Viste. Ivar og Kari Visdal hadde ikkje barn.

Neste brukar var Knut Flatmo., medan Ivar Visdal selde vassrettar i Tessa i oktober 1913, madan Knut Flatmo selde Tesneset og Arnøygarden i januar 1914; så kanskje var det denne tida at Knut Flatmo overtok Valde. Knut Jakobsson f.1862 på Sagflaten i Lom. Gift 1884 m. Guri Erlandsdtr. f.1856 på nørde Råsbakken. I 1880- og 90-åra var dei på Flatmo i Lia i Lom, og i 1900 på Døsen i Fåberg. Knut var og emisær for indremisjonen. Knut og Guri flytte til Lye da Per Visdal overtok.

Per Visdal overtok Valde i 1923. Men skjøte 14.2.1924 var frå Ivar Visdal og hustru Kari Visdal til bankkasserar T. O. Lunn for kr 40000,-. Per Visdal fekk skjøte i 1939 frå T. O. Lunn for kr 27000,-. Per Visdal 1890-1975 var son til Anders P. Lunn og Anne f. Uttafor, Per vart gift 1918 med Embjørg O. Skrinde 1894-1975. Per og Embjørg hadde 3 barn:

Anne f.1919, neste brukar

Marie f.1919, g.m. Bjarne Groven f.1922

Agnes f.1922, g.m. Kolbjørn Grindvold. På Sulheim i Lom.

Anne 1919-1992, g.1950 m. Kristian Brenden 1924-2008, son til Hans Brenden 1888-1968 og Anne Sandneshagen 1899-1984. Anne og Kristian Brenden overtok i 1966, dei har 3 barn:

Per, f.1951, neste brukar

Agnes f.1955, g.m. Steinar Garmo. På Botten i Lom.

Erik f.1960, g.m. Ingebjørg Runningen. I Garmo.

Per Brenden f.1951, g.1971 m. Kari Grøna, Lom f.1950, dotter. til Johannes T. Grøna f.1908 og Rønnaug Rusten f.1911. Per og Kari Brenden overtok Valde i 1992, 4 barn:

Kjell f.1971, smb.m. Ingebjørg Turtum f.1978. På Ulmo i Lom.

Anne Randi 1973-1974

Jonny f.1975, g.m. Kari F Skjåkøygard f.1978

Per Øystein f.1977

Brukar frå 1998 er Jonny Brenden. Han er gift med Kari F Skjåkøygard f.1978, dei har 2 barn:

Anne f.2005

Jon f.2007

I 1668 vart det på nordgard Valde fødd 25 fe, det var 5 hestar og det vart sådd 8 tønner.

I 1789 var det på nordgard Valde 26 mål åker, ca. 112 da engeland, 3-4 hestar, 16 hornkveg og 20 småfe. Det vart sådd 6 tønner, etter skaden av Ofsen kunne det såast 3-4 tønner.

I 1865 var det på nordgard Valde 4 hestar, 25 kyr, 36 sauer, 14 geit og 3 grisar. Det vart sådd 6 tønner bygg, 1/5 tønne erter og 6 tønner poteter. I tillegg hadde føderådsmannen Hans Jonsen 5 kyr, 11 sauer og 7 geit, han sådde 2 tønner bygg og 2 tønner poteter.

Kjelder:

Norske Gardsbruk 1953-1997

P.Ø.Kvarberg 2000: Slekter i Vågå og Lom, Slekten på Fellese med Nordre Valderekken

Slekten på Fellese med Viste søre-rekken

Slekten på Uppigard Kvarberg med genene på Garmo, Sande og Siem

Slekten på Valde søre med forgreiningar til Brattland og Visdal

Tolstadslekten frå Vågå

Jon Kolden, 2002: Bygdabok for Lom, Bind 2

Koppskatten 1645, matrikkel 1647, manntal 1666, matrikkel 1668, skoskatten 1711

O. Rygh: Norske Gaardnavne / Diplomatarium Norvegicum.

Folketeljing 1865

Jakup Skjedsvoll: avskrifter av jordebøker m.m.

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter panteregister, pantebøker, skadetakst Storofsen, skifter mm.

Tore H Vigerust: Kilder til Gudbrandsdalens gårds- og slektshistorie 1500-1700

Engebret Hougen: Ættesoge for Gudbrandsdalen

Torgrim Hegdal

Solbakken

Solbakken var ei stugu ovanfor jordet på nordgard Valde i nedre Nordherad. Dette er i hamninga til Valde, like vest og opp for låven på nordgard Viste.

I folketellinga i 1910 budde Guri Dalestuen og dottera Ragnhild der, Ragnhild er nemnd som bagste og vaskekinne. I 1900 budde dei i Dalestuen. Guri Johannesdotter 1826-1912 frå Runningen Prestgardseige var gift med Syver Nielsen Dalestuen 1829-1904. Dei hadde barna Iver f. 1850, Johannes f. 1854, Marit f. 1858, Niels f. 1860, Ragnhild f. 1865 og Kari f. 1867. Etter at Syver døydde i 1904 ser vi at husmannsbruket Dalestuen vart frådelt og seld til sjølveige i 1906. Truleg er det da dei har bygd og flytta til Solbakken.

Ugifte Ragnhild 1865-1923 hadde med John Olsen nedre Sandbakken f. 1865 sonen Ole Johnsen f. 1893, han budde nok hjå mora og bestemora i Solbakken, i 1909 emigrerte han til USA.

Ragnhild vart 1915 gift med Johan Kristenson Volden (Flatum, Odden) f. 1873. Dette vil kanskje seia at det budde folk i Solbakke-stugu til 1915.

Den ti kvadratmeter store stugu i Solbakken vart på 1930-talet flytta til setra til nordgard Valde og står fortsett der.

Kjelder:

Dean Johnson (soneson til Ole Johnsen): epostkorrespondanse

Folketelling 1865, 1875, 1900, 1910

Opplandsarkivet avd. Vågå: familieark, kopi panteregister